

STANDARDAR FOR SAMARBEID MELLOM SKULE OG HEIM VED ROGNE SKULE



Mål: Standardar skal hjelpe elevane til best mogleg trivsel og føresetnad for læring.

Respekt
Omsorg
Glede
Nærleik
Empati



Skulen:

- har ansvaret for undervisning
- arbeider for å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø
- har ansvaret for å leggje til rette for samarbeid mellom skule og heim
- skal gje foreldre informasjon knytt til fagleg- og sosial utvikling og trivsel
- kallar inn til utviklingssamtaler 2 gonger i året
- gir informasjon om skulekvardagen til eleven ved behov, låg terskel for å ta kontakt med heimane
- skal informere foreldre om rettigheter etter opplæringslova, med forskrifter
- har foreldreskule for føresette i 1. klasse
- har 2 foreldremøte kvart år

Dei føresette

- har ansvaret for oppdraginga og den daglege omsorga for barna
- har låg terskel for å ta kontakt med skulen dersom dei lurar på noko eller det oppstår situasjonar skulen bør kjenne til. Kan nytte foreldrekontakt, FAU og SU ved behov.
- gjer seg kjend med ordensreglane ved skulen og samtalar med barna sine om desse
- les vekeplan og infoskriv, og held seg oppdatert i forhold til skulekvardagen. Sender med mat, høvelege klede og eventuelt utstyr
- følgjer opp leksearbeidet, og hjelper barna med å halde orden i sekken
- snakkar positivt om skulen, og er engasjert i det som skjer i elevane sin skulekvardag
- har god kontakt med resten av foreldregruppa. Samhald mellom foreldra fremjar samhald mellom barna
- er aktive i skulevurdering og utviklingsarbeid på skulen

Informasjonskanaler:

IST, telefon til skulen, mail til kontaktlærer/ rektor, møte på skulen